

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUGDato: 05.04.2019
Vår ref.: 2019/2923-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Kulturminnefagleg fråsegn - Søknad om bygging av landbruksveg og opprusting av eksisterande veg – gnr. 30, bnr. 2 Hestdal - Meland kommune

Me viser til brev datert 15.03.19 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Saka gjeld bygging av landbruksveg og opprusting av landbruksveg på Hestdal.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik granskning vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om moglege funn.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.